



Friluftsgudstjeneste på Grotle gamle gravstad, 30 august 1932

Ei høgtidsstund i Bremanger

Vêret var av finaste slaget. For første gong på over 60 år sette Bremangerfolket stemne til gudstjeneste på Grotle. Frå heile kommunen kom folk med motorbåtar, roande og gåande. Dei møttest til gudsteneste på staden der fedrane til uminnelege tider hadde samlast til messe. Det var ikkje langt frå tusen menneske samla.

Losje Havråk hadde stelt til på kyrkjegarden med alterring og alterbord. Preikestolen stod under eit einsleg tre og var pynta med kvit duk og flagg. Kalvåg songlag song vakkert før og etter preika.

Kyrkjelyden var stemnd til alvor som aldri før her på dei gamle tuftene mellom dei gamle gravminna. Dei gamle hadde kjære minne til staden. Her på desse tuftene var dei døypte og konfirmerte, nokre også brudevigde i gamlekyrkja. Her låg også forfedrane deira gravlagde. Mange hadde ei stille stund, sette seg ned og bøygde hovudet i hendene og held si eiga messe i minneglansen frå ungdomstida.

*Her ligg dei grav i grav frå heid og ned i hav
som stridde so.*

Gud sign kvar ærleg svein som søv her under stein.

Gud sign dei kvar og ein, der dei er no»

(R:T. ,Firda folkeblad, utdrag av tekst)